

VEDTEKTER OG BETALINGSSATSAR FOR SKULEFRITIDSORDNINGA(SFO) I FITJAR KOMMUNE frå 01.01.2019

1. EIGARFORHOLD OG VEDTEKTER

Skulefritidsordningane i Fitjar vert eigde og drivne av kommunen i samsvar med § 13-7 i Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring – Opplæringslova. Innhaldet i vedtektene utdjupar og konkretiserer innhald og organisering av SFO-ordninga.

2. FØREMÅL OG INNHALD

Skulefritidsordninga skal vera fleksibel og brukarvennleg og er eit frivillig omsorgs – og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for born på 1. – 4. årstrinn. I tillegg gjeld ordninga for born 1.-7.årstrinn med særskilte behov. Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på lek, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna. Funksjonshemma born skal givast gode utviklingsvilkår. Årsplanen konkretiserer innhald og aktivitet for verksemda.

3. ANSVARLEG STYRINGSORGAN

Det vert oppretta eit eige styre for SFO på den einskilde skule. Rektor, representant for tilsette i SFO og representant for foreldre er medlemmer i styret. Styret godkjenner årsplanen for SFO. Samarbeidsutvalet ved skulen kan uttala seg i saker vedk SFO. Utval for oppvekst og omsorg legg dei overordna føringane drifta av SFO og er klageinstans i enkeltsaker.

4. LEIING OG ANSVAR

Skulefritidsordninga ligg administrativt under kvar skule med rektor som øvste ansvarlege leiar. Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga har i tillegg ein dagleg leiar med relevant pedagogisk og/eller fagleg utdanning. Dagleg leiar skal saman med personalet i SFO driva skulefritidsordninga i samsvar med § 13-7 i Opplæringslova. Skulen vert tildelt administrasjons- og leiingsressurs i samsvar med avtaleverket.

5. LEIKE - OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga har leike- og opphaldsareal som legg til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar ut frå alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna. SFO nyttar til vanleg det inne- og utearealet som 1. til 4. årstrinn brukar. Leike- og opphaldsareal skal vera i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

6. BEMANNING OG GRUPPER

I SFO er tilsett fagarbeidarar, assistentar og ev. lærlingar slik at § 13-7 i Opplæringslova kan gjennomførast. Kvar SFO-gruppe består i utgangspunktet av 20 born. Grunnbemanninga for ei slik gruppe er 2 vaksne. Barnetalet kan aukast til 24 born pr. gruppe, dersom dette er forsvarleg ut frå areal, aktivitet og gruppesamansetting. Barnetalet er 13 pr. vaksen for born på 3. og 4. årstrinn. Når born med dokumenterte særskilte behov er tekne inn i SFO, vurderer rektor og skulesjef behov for ekstra bemanning.

7. INNTAKSMYNDE

Inntak av born vert gjort ved den enkelte skule, og rektor har utøvande opptaksmynde. Skulesjef er klageinstans i enkeltsaker vedk. opptak.

8. OPPTAKSKRITERIUM

Målet i Fitjar kommune er at alle born på 1.-4.årstrinn som ynskjer det, skal få plass i skulefritidsordninga. Det same gjeld born med særskilte behov på 5.-7.årstrinn.

Ved prioritering av søkjarar, gjeld fylgjande retningslinjer:

1. Funksjonshemma born som etter fagkunnig vurdering kan ha nytte av SFO-opphald.

2. Sosiale, medisinske eller pedagogiske årsaker hjå barnet eller familien elles, etter tilråding frå PPT, sosialkontor, barnevernstenesta, helsesystem, lege o.a.
3. Born til einslege forsyttarar som er i arbeid utanfor heimen eller går på skule.
4. Born som har begge forsyttarar i arbeid utanfor heimen eller under utdanning.
5. Yngre born framfor eldre born.

9. OPPTAKSPERIODE OG VILKÅR FOR OPPSEIING

Søknad om plass på SFO skjer på eige skjema. Frist for å søkja opptak for neste skuleår er 15.april, men det er høve til å søkja heile året. Det vert gjort eit hovudopptak for hausthalvåret før sommarferien og eit justert opptak for vårhalvåret innan 1.desember.

Opptak gjeld for eitt skuleår om gongen eller til plassen vert sagt opp. Det er ein gjensidig oppseiingstid på tre -3- månader. Dei føresette må senda skriftleg oppseiing til den skulen skulefritidsordninga høyrer til. Det vert kravd betaling i oppseiingstida. Dersom det er tilstrekkeleg bemanning og ledig plass, kan skulen på enkeltdagar ta inn ekstra born i SFO. Alle foreldre som har elevar i skulen, kan tinga plass på enkeltdagar i skuleåret og når skulen har fri (planleggingsdagar samt ferie- og fridagar i skuleåret). Bruk av SFO på enkeltdagar har noko høgare betalingsatts.

10. BETALINGSSATSAR OG BETALINGSREGLAR

Fitjar kommunestyre fastset betalingsattsane for SFO.

Betalingsattsar gjeldande frå 01.01.2019. Ein auke på 2,6 % frå 2018. (Vedtekne i kommunestyret 19.12.2018)

Ordinær SFO:

T.o.m. 10 timar pr. veke: kr 1.525,- pr. mnd.

T.o.m. 12 timar pr. veke: kr 1.748,- pr. mnd.

T.o.m. 14 timar pr. veke: kr 1.948,- pr. mnd.

T.o.m. 16 timar pr. veke: kr 2.120,- pr. mnd.

T.o.m. 18 timar pr. veke: kr 2.385,- pr. mnd.

T.o.m. 20 timar pr. veke: kr 2.650,- pr. mnd.

Over 20 timar pr. veke: kr 2.916,- pr. mnd.

Det vert kravd betaling for 11 månader, halv sats for august og juni.

Kjøp av plass på SFO einskilddagar:

Frå 1.jan 2019 vert dagsprisen for å nytta SFO på einskilddagar kr 332,-.

Utvida SFO-tilbod i periodane skuleårslutt til 1.juli og frå 1.august til skuleårstart. Alle foreldre kan tinga SFO-plass for i desse periodane - dette gjeld også for born som normalt ikkje har plass i SFO. Skulen bestemmer kor lang tid i førevegen dei må ha bestilling av enkeltdagar. Betalingsattsen er dagspris.

Moderasjonar og ekstra betaling

Betalingsattsane for SFO i Fitjar er ikkje gradert etter inntekt, og ordninga gjev ikkje høve til søskenmoderasjon. Det er høve til å ta ekstra betaling til eit måltid pr. dag og til å ta ekstra betaling i samband med turar og utflukter.

Funksjonshemma born 1.-7. årstrinn som etter sakkunnig vurdering vil ha nytte av SFO-opphald, har rett til gratis SFO.

Betalingsfrist

Fitjar kommune sender ut rekning med betalingsfrist i slutten av kvar månad.

Manglande betaling utover 2 månader medfører oppseiing av plass.

11. OPNINGSTIDER

Den ordinære skulefritidsordninga fylgjer skuleåret. Dagleg opningstid er frå kl. 0645 til skulestart

og frå skuleslutt til kl. 1615. Det er høve til lokale variasjonar på skulane når det gjeld start om morgonen og slutt på ettermiddagen.

I skulane sine ferie- og fridagar innafor skuleåret vil SFO-tilbodet vera lagt på Rimbareid. Det vil også vera tilbod om SFO på Rimbareid frå skuleårslutt til 1.juli og frå 1.august og fram til skuleårstart. Det må då vera minst 5 born som ynskjer tilbodet for at SFO skal vera open. Det er ikkje tilbod om SFO i juli månad.

12. ENDRINGAR AV VEDTEKTER OG BETALINGSSATSAR

Vurdering av vedtekter og betalingssatsar skal gjerast med 2-3 års mellomrom.

Endringar i vedtekter og betalingssatsar skal handsamast i Utval for oppvekst og omsorg og godkjennast av Kommunestyret. Endringar i betalingssatsar kan gjerast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga.

Desse vedtektene vart fastsette av Fitjar kommunestyre 17.06.2009.

Betalingssatsar for 2019 er vedtekne i Fitjar kommunestyre 19.12.2018.

John Karsten Raunholm
skulesjef